Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato: 15.08.202315.8.2023
Vår ref: 19/3048
Dykkar dato:
Dykkar ref:

NOMIL iks
Eidsmona 36
6823 Sandane

Saksbehandlar, innvalstelefon
Gøsta Hagenlund, 5764 3121

Rapport frå inspeksjon ved Nomil iks, Eidsmona sentralanlegg for avfall

Kontrollnummer: 2023.097.I.SFVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Inge Bent Arnestad
Frode Denk
Janne Bareksten

Frå Statsforvaltaren i Vestland:
Gøsta Hagenlund
Åsmund Skancke Karlsnes
Tor-Eirik Sæther (observatør)

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Nomil iks den 10.8.2023. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestland fann 2 avvik under inspeksjonen:

1. Verksemda etterlever ikkje alle krav til internkontroll for det ytre miljøet
2. Fleire vilkår i utsleppsløyvet er ikkje oppfylt

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt frå side 3.

Med helsing

Åsmund Skancke Karlsnes
overingeniør

Gøsta Hagenlund
sjefingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Gloppen kommune
Retura Nomil AS

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: Nomil iks	
Organisasjonsnr.: 877 554 392	**Eigd av:** 977 549 833

Kontrollert eining

Namn: Eidsmona sentralanlegg for avfall	**Anleggsnr.:** 4650.0042.01 4650.0042.01
Kommune: Gloppen	**Fylke:** Vestland
Løyve gitt: 6.5.2020	**Sist endra:** 23.8.2023

Nomil iks vart etablert på Eidsmona i 2011. Verksemda driv innsamling og behandling av avfall på vegner av eigarkommunane. Det vesentlege av avfallet er hushaldningsavfall eller hushaldningsliknande avfall (kommunalt avfall).

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert haldne. Inspeksjonen er ein del av Statsforvaltaren sitt planlagde tilsyn for i år.

Tilsynet vart gjennomført i medhald av forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Vilkår i utsleppsløyvet
- Internkontroll
- Reinseutstyr
- Utslepp til luft
- Utslepp til vatn
- Energieffektivisering
- Grunnforureining
- Avfall

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart funne under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar
Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Nomil iks pliktar å rette opp avvik som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at de innan **20.11.2023** sender ei skriftleg utgreiing som viser kva tiltak som er gjennomførde eller planlagde.

Avvik 2 pkt. 1 om utslepp av prioriterte miljøgifter er ikkje omfatta av tilbakemeldingsfristen. Statsforvaltaren vil følgje opp problemstillinga som eigen sak, dette gjeld truleg alle avfallsmottak i Vestland.

Avvik 2 pkt. 5 om program for utsleppskontroll vurderer vi som lukka når prøvetaking, analyse, vurdering og rapportering startar opp.

Vi ber om at de merker svarbrev eller e-post (sfvlpost@Statsforvaltaren.no) med saksnummeret som står øvst på første side.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 22.6.23. Verksemder skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureinings-forskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemder etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av venta ressursbruk må Nomil iks betale eit gebyr på kr 30 000,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7. Dette svarer til gebyrsats 2 for tilsyn som varar inntil ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett
Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova).

6. Avvik

Vi fann følgande avvik frå forureiningsregelverket under inspeksjonen:

Avvik 1. Verksemda etterlever ikkje alle krav til internkontroll for det ytre miljøet

Avvik frå:
Internkontrollforskrifta § 5, andre ledd punkt 6 og 7 og § 6

Kommentarar til regelverket:
Miljørisikovurdering og handlingsplan – internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6
Verksemda skal kartleggje farar og problem og på denne bakgrunnen vurdere risiko for miljøet. Der risiko vert vurdert som større enn forureiningsbaserte akseptkriteriar, må det utarbeidast planar og tiltak for å redusere risikoen. Risikovurderinga må omtale alle aktivitetar som kan ha noko å seie for det ytre miljøet. Plan for og omtale av tiltak for å redusere risikoforhold må vere konkret, tidfesta og oppdatert.

Rutinar for å finne, rette opp og førebyggje brot på krav fastsett i eller i medhald av forureiningsregelverket – internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 7
Relevante rutinar skal vere skriftlege, godkjende på rett nivå i organisasjonen, oppdaterte og tilstrekkeleg konkrete for omhandla tema. Dersom brot på lovverket eller eigne rutinar skjer, skal ein ha eit dokumentert system for å kunne registrere, rette opp og førebyggje nye avvik.

Samordning – internkontrollforskrifta § 6
Når fleire verksemder har arbeid på same arbeidsplass, skal dei når det er nødvendig, skriftleg avtale kven som skal ha ansvaret for å samordne internkontrollen (for felles aktivitetar eller område).

Avviket er basert på følgande observasjonar:

1. Verksemda har ikkje ein konkret og oppdatert handlingsplan for å kunne arbeide med å redusere risikoforhold for ytre miljø.

Nomil iks har ein omfattande risikoanalyse som omhandlar det ytre miljøet. Verksemda har skildra både sannsyns- og konsekvensrisiko, kvantifisert risikonivå og vurdert og gruppert ulike risikoforhold. På mange område arbeider verksemda konkret med risikoreduserande tiltak, men dette arbeidet er ikkje omtalt i ein konkret handlingsplan. Tilsynet omfatta ikkje nærare gjennomgang og vurdering av innhaldet i risikoanalysen.

2. Verksemda har ikkje utarbeidd skriftleg rutine for alle forhold som kan ha noko å seie for det ytre miljøet. Nokre døme på tiltak og arbeid som bør vere omtalt i ein rutine er
    a. tørr reingjering av uteareal,
    b. gjennomføring av førebyggande vedlikehald.

Verksemda nyttar no maskinell kost for reingjering av uteareal. Reingjering skjer jamleg. Behov, frekvens, omfang og metodar for reingjering av areal ute og inne, konteinarar med meir bør vere omtalt i internkontrollen. Rutinen bør også omtale handtering av oppsopet.
Verksemda driv førebyggande vedlikehald. Behov, omfang, frekvens, lager av kritiske reservedelar bør vere omtalt i internkontrollen og bygge på omtalt risikovurdering.

3. Verksemda har ikkje eit tilstrekkeleg aktivt avviksmeldesystem

Alle uhell, søl og nesten-hendingar som gjeld utslepp til miljøet bør meldast som avvik. Verksemda opplyser at søl og uhell frå flytande farleg avfall vert handtert rett, men ikkje alltid meldt som avvik. Statsforvaltaren vil likevel merke at avvikssystemet er mykje betra sidan revisjonen i 2016.

4. Verksemdene Nomil iks og Retura Nomil AS har ikkje ein skriftleg avtale om kven som har ansvar for internkontroll for felles område.

Verksemdene driv på same område, og må ha avtale om felles forhold som kan føre til påverknad av ytre miljø, mellom anna utslepp av vatn og flygeavfall.

Avvik 2. Fleire vilkår i utsleppsløyvet er ikkje oppfylt

Avvik frå:
Utsleppsløyvet (datert 23.8.2022) pkt. 2.1, 2.5, 9.2.2. 11.2 og 4

Kommentarar til regelverket:
Vilkår i løyvet for mellom anna drift, gransking, prøvetaking og analyse og rapportering må følgast av verksemda til ei kvar tid. Tilsynsorganet følgjer opp krav i løyvet på same måte som krav direkte i forureiningsregelverket.

Pkt. 2.1 om prioriterte miljøgifter
Utslepp av prioriterte miljøgifter oppført i vedlegg 1 i løyvet er berre tillate dersom dette går uttrykkeleg fram i vilkåra.

Pkt. 2.5 om førebyggande vedlikehald
Arbeidet med førebyggande vedlikehald av utstyr skal ha eit dokumentert system for gjennomføring basert på risiko utilsikta utslepp.

Pkt. 9.2.2 om framande, skadelege artar
Risikoen for etablering og spreiing av framande, skadelege planteartar skal inngå i miljørisikovurderinga. Tiltak mot artar med uakseptabel risiko skal sikre at slike artar ikkje vert etablert eller kan spreie seg frå aktivitetar eller areal som kan knytast til verksemda.

Pkt. 9.2.2 om EE-avfall
Reglane for lagring av EE-avfall skal følgje krava i kap. 1 i forureiningsforskrifta. Paragraf 1-22 set krav om at motteke EE-avfall skal behandlast forsvarleg og med bruk av beste tilgjengelege teknikkar. Det omfattar mellom anna krav til lagring under tak eller anna klimavern.

Pkt. 11. 2 og .4 om utsleppskontroll og program for utsleppskontroll
Verksemda skal ta prøver av og analysere innhald av forureining i avløpsvatnet på ein representativ prøve i samsvar med program for utsleppskontroll.

Avviket er basert på følgande observasjonar:

1. Verksemda har fått utarbeidd ei analyse av avløpsvatnet som viser at det vert sleppt ut prioriterte miljøgifter som ikkje er omtalt i utsleppsløyvet.
   Analyserapporten omtalar at nokre typar treavfall kan ha høgt innhald av tungmetall. Del avrenning av tungmetall og eventuell anna forureining frå lagring av treavfall t er ikkje kjend, og tiltak (basert på beste tilgjengelege teknikkar) ikkje sett i verk.

2. Behov, omfang, frekvens for førebyggande vedlikehald med meir er ikkje dokumentert, jf. også omtalen i avvik 1.

3. Det vart opplyst at verksemda årleg gjer tiltak mot spreiing av «lupin», men kan ikkje dokumentere om det eventuelt finst andre slike artar på/ved verksemda, om omfanget av dei eventuelt aukar eller minkar eller om det er fare for eller kan påvisast nye artar.

4. EE-avfall vert lagra ute utan tak eller anna klimavern på dagtid når mottaket er ope.

5. Systematisk og representativ prøvetaking av avløpsvatn har ikkje starta opp.

7. Merknader

Statsforvaltaren gav ingen merknader under inspeksjonen.

8. Andre tilhøve

Verksemda har ikkje hatt tilsyn sidan revisjonen (fleirdagstilsyn) i 2016. Sidan den tida har verksemda vokse mykje og tel no om lag 40 tilsette. Flora del av Kinn kommune har kome med, og dei kommunale mottaksstasjonane for avfall vert no drifta av Nomil iks med unnatak av Haugen i Stad og Svarstad i Stryn. I Eidsmona har meir av avfallet kome inn under tak, og flygeavfall/forsøpling av nærområde mykje redusert. Framleis er mykje av trevirke lagra ute. Verksemda må sjå på om og eventuelt kor mykje utvasking av trevirke bidreg til tungmetallkonsentrasjon i avløpsvatnet frå verksemda.

Vi har elles merkt oss og ikkje funne forbetringspunkt når det gjeld plan for og arbeid med energileiing (pkt. 8 i løyvet) og kompetansegrunnlaget når det gjeld farleg avfall.

Under tilsynet var det ein dialog om prøvetaking og analyse av motteke avfall, jf. krav i pkt. 9.2.1 i løyvet. Verksemda kan analysere pH, og vart oppmoda til å analysere for mellom anna flammepunkt og innhald av halogen på relevant avfall.

Det vart ikkje funne forhold ved løyvet som tilseier behov for oppdatering no. Tre mindre endringar/tillegg bør takast med ved neste revisjon:

- Rett gateadressa er no «Eidsmona 36»
- I vedlegg 2 tabell 2 bør behandlingsmåte «sortering» takast inn for avfallsgrupe EE-avfall
- Omlegging av avløpsnett. Vi viser til omtale i dykkar brev 28.9.22. Omlegging i samsvar med pkt. 3 i løyvet kan vente til arealbruken er avklart, mogleg utviding av anlegget etter flytting av naboverksemd er gjennomført og kunnskap om avrenning frå tak er kartlagt. Vi minner om at kravet i løyvet som minimum berre føreset omlegging av vatn frå nye tak. Forholda vert tekne opp på nytt ved behov etter 1.1.2026.

Verksemda har sendt inn tilstandsrapport (trinn 1 – 3) for vurdering av forureina grunn i samsvar med pkt. 14.2 i løyvet. Statsforvaltaren tek rapporten til etterretning. Full tilstandsgransking i samsvar med trinn 5 – 8 (jf. omtale i pkt. 14.2) vert vurdert å ikkje vere nødvendig no. Rapporten vil verte lagt inn i fagsystemet Grunnforurensning.

9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve til Nomil iks datert 23.8.2022

Framlagd dokumentasjon som vart nytta for å verifisere faktiske tilhøve:

- Hovudtrekk i internkontroll som gjeld for ytre miljø, m.a.:
    - miljørisikovurdering
    - system for energileiing
    - rutinar for avfallshandtering
    - kompetanseplan

10. Informasjon til verksemda

Regelverk vi informerte om:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)